



Ordning for konfirmasjon i særskilde situasjonar

1. Denne ordninga er for konfirmanter som ikkje har høve til å gjennomføre ei ordinær konfirmasjonsgudsteneste.
2. Ordninga kan bli forretta utan musikk. For meir informasjon om mogleg tilrettelegging, sjå rettleinga for dåp og konfirmasjon i særskilde situasjonar.

I. SAMLING

1 | Preludium/Inngangsprosesjon/Salme

Kan utelatast.

2 | Innleiing

L | Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

ELLER

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

ELLER

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

ELLER

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande. Vår skapar, frigjerar og livgivar.

II. ORDET

3 | Skriftlesing og kort preike

Preika kan avsluttast med musikk eller salme.

III. KONFIRMASJON

4 | Påminning om dåpen

Påminning om dåpen skjer som hovudregel ved døypefonten.

Liturg eller ein medliturg heller vatn i døypefonten.

Ein kan også nytta andre symbolhandlingar i tråd med lokale tradisjonar.

L vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd:

Anten

I dåpen frelste Gud oss ut av mørkets makt og gav oss rett til å vera born av lyset. Vi vart kalla til å følgja Kristus og leva i fellesskap med han.

Eller

I dåpen vart vi sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Eller

I dåpen vart vi fødde på ny av vatn og ande. Vi vart døypte til eit liv i tru og tillit til Jesus Kristus.

Eller

I dåpen vart vi teikna med det heilage krossteiknet og fødde på ny av vatn og ande. Vi vart sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tekne inn i fellesskapet i kyrkja.

5 | Forsakinga og trua

L | Lat oss saman vedkjenne forsakinga og trua som lyder ved dåpen.

A | Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydd og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Faders, skal koma att derfrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen. DEN

APOSTOLISKE TRUSVEDKJENNINGA

6 | Fadervår

Her kan ein be ei bøn som passar den særskilde situasjonen. Bøna vert avslutta med Fadervår.

L | Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss:

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i æve.
Amen.

7 | Forbøn for konfirmanten

L/ML **vendt mot kyrkjelyden** | Kjære konfirmant(ar).

Anten

Til den kristne tru er **du** døpt. I den kristne trua er **du** opplært. Kom no fram for Herrens altar, så vi kan be for og velsigne **deg** i Jesu Kristi namn.

Eller

Til den kristne tru er **du** døpt. I den kristne trua er **du** opplært. Vi vil no be for **deg** og velsigne **deg** i Jesu Kristi namn.

Bønnehandlinga skjer der det er avtalt på førehand.

Om situasjonen tillèt det vert bøna beden med handspålegging.

Liturg/medliturg bed ei av desse bønene for konfirmanten:

1. Livsens Gud, vi bed for **NN**. Hjelp ____ til å leva i tillit og tru på din kjærleik. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
2. Trufaste Gud, vi bed for **NN**. Hald ____ fast i ei sann tru ved Din heilage ande. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
3. Gode Gud, vi bed for **NN**. Ver for ____ gjennom livet. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
4. Kjærleikens Gud, vi bed for **NN**. Styrk ____ til eit liv i tru, håp og kjærleik. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
5. Gud, vår skapar, vi bed for **NN**. Gje ____ styrke og kraft ved din heilage Ande og vis ____ dine vegar. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.

6. Evige Gud, vi bed for **NN**. Lat ____ vandra i ditt lys og leva omgjeven av din kjærleik. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
7. Miskunnsame Gud, vi bed for **NN**. Styrk ____ ved Den heilage ande og ver med ____ alle dagar i livet. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
8. Gud som gjev håp, vi bed for **NN**. Vis ____ det håpet ____ har i deg. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
9. Livsens Gud, vi bed for **NN**. Lat ____ leva i ditt lys og nå det evige målet hos deg. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
10. Nådige Gud, vi bed for **NN**. Ver ____s styrke og hjelp, no og alle dagar. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.
11. Trufaste Gud, vi bed for **NN**. Ver nær ____ med din nåde og di kraft. Velsign og bevar ____, (✕) i Jesu Kristi namn.

Etter at konfirmanten/konfirmantane er bedt/bedne for, seier liturgen:

L | Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! Fred vere med dykk.

Eller

L | Gud er kjærleik, og den som blir verande i kjærleiken, blir verandre i Gud og Gud i han. Må han som tok til med si gode gjerning i dykk, fullføra henne, heilt til Jesu Kristi dag. Fred vere med dykk.

8 | Salme/Musikk

Dette leddet kan flyttast til etter velsigninga eller utelatast.

IV. SENDING

9 | Velsigninga

L | Ta imot velsigninga.

Her bruker ein normalt Den aronittiske velsigninga.

10 | Utsending

Her kan følgje eit utsendingsord.